

Resultat frå Barnetråkk

5.-7. klasse, Hyllestad grunnskule

Innhald:

Om Barnetråkk s 2
Kart med resultat s 3-5
Oppsummering s 6
Interessante funn s 7

BARNETRÅKK




Barnetråkk

Barnetråkk er eit gratis digitalt verktøy utvikla av Design og arkitektur Norge (DOGA) som lar born registrere og kartfeste korleis dei bruker nærmiljøet sitt. Verktøyet samlar inn informasjon om skulevegar, opphaldsstader, kva barn opplever som trygt eller utfordrande, og kva dei ønskjer å endre. Barnetråkk gjev kommunen oppdatert lokalkunnskap om born og unges arealbruk på ein direkte måte.

Barnetråkk vart gjennomført i samband med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel (pbl. § 5-1). Hyllestad skule vart kontakta og synte stor interesse og vilje til samarbeid, som var avgjerande for at prosessen lot seg gjennomføre.

Gjennomføringa fann stad ved Hyllestad skule 28. november 2025 i to bolkar: først to timar med 5. trinn, deretter to timar med 6.–7. trinn. Til saman deltok 38 elevar.



Brukargrensesnittet som borna jobba i. Sjå barnetrakk.no for testversjon av verktøyet.

Registrerte elevar:

5.trinn: 16
6.trinn: 14
7.trinn: 8

Tal registrerte stader i kartløysinga:

Positive: 173
Negative: 77
Aktivitatar: 208

Kategoriar

Borna sat på kvar sin datamaskin under gjennomføringa. Dei nytta merkelappar til å markere stadar i kartløysinga. I tillegg vart dei oppfordra til å legge inn skildringar. Desse kategoriane vart nytta:

Positiv



Liker



Ønske



Fin park



Fin skog



Fint bygg



Fint sted



Fin utsikt

Negativ



Misliker



Vil endre



Mørkt



Støy



Søppel



Trafikk



Utrygg

Aktivitatar



Møteplass



Lekeplass



Skøyter



Sykling



Ballspill



Skateboard



Svømming



Aking



Ski

Borna kunne bruke så mange merkelappar dei ville, velje fritt mellom alle typane og plassere dei kvar som helst på kartet. Dei skulle òg merke både skuleveg og fritidsveg.

5. klasse



Alle registreringar i kartløyisinga.

Tal registrerte merkelappar

	Ønske	18		Søppel	10		Møteplass	23
	Fint bygg	13		Mørkt	6		Aking	18
	Fin skog	12		Utrygg	6		Svømming	15
	Fin utsikt	12		Misliker	5		Lekeplass	10
	Liker	9		Vil endre	5		Sykling	9
	Fin park	8		Støy	3		Ballspill	8
	Fint sted	6		Trafikk	2		Ski	5
							Skøyter	3
							Skateboard	1

Oppsummering av funn og kommentarar



Ballspill

Ballspel på idrettsbana.



Svømming

Myklebustneset, Heggebøneset og Lifjorden.



Aking

Skulebakken nedanfor Spar og heime.



Møteplass

Skulen, fritidsklubben, fleirbrukshallen, dans og hjå venner.



Fint sted

Kommunehuset, skulen, heime og hjå familie.



Ønske

Betre leikeanlegg og sklier på skuleområde.



Mørkt

Mørkt i snarveg frå Mykjelbustlia til Svartedalen. Mangel på gatelys på Øvre Heggebøen.



Trafikk

Mykje trafikk med høg fart i Skulebakken. Utrygg kryssing frå Svartedalen til butikken, bilar køyrer fort.



Søppel

Mykje boss med idrettsanlegget på skulen.

6. klasse



Alle registreringar i kartløyninga

Tal registrerte merkelappar

	Fint sted	12		Søppel	6		Ballspill	22
	Fin utsikt	12		Vil endre	5		Møteplass	15
	Fint bygg	11		Trafikk	3		Aking	13
	Ønske	10		Mørkt	2		Sykling	10
	Liker	9		Misliker	2		Svømming	10
	Fin skog	8		Utrygg	1		Lekeplass	4
	Fin park	4		Støy	1		Ski	2
							Skateboard	1

Oppsummering av funn og kommentarar



Ballspill

Arena for fotball og ballspel på idrettbana i fritida og skuletida.



Svømming

Heggebøneset.



Aking

Skulebakken nedanfor Spar og heime.



Møteplass

Fleirbrukshallen, idrettsbana og hjå venner.



Fint sted

Kvernsteinsparken, biblioteket, Hamneparken, skulen og idrettshallen.



Ønske

Fleire rekreasjonsmoglegheiter i Hamneparken, kafé på Spar.



Søppel

Boss med idrettsanlegget på skulen.



Vil endre

Vegen til indrefjorden er dårleg og fleire opningsdagar på biblioteket.



Trafikk

Bilar køyrer fort i krysset til Svartedalen.

7. klasse



Alle registreringar i kartløyisinga

Tal registrerte merkelappar

	Fint sted	9		Utrygg	9		Svømming	11
	Fin utsikt	6		Mørkt	6		Ballspill	9
	Liker	5		Misliker	3		Aking	8
	Fint bygg	4		Vil endre	2		Sykling	3
	Fin skog	3					Ski	2
	Fin park	1					Skøyter	2
	Ønske	1					Møteplass	2
							Skateboard	1
							Lekeplass	1

Oppsummering av funn og kommentarar



Heggebøneset, Indrefjorden og Hyllestad/Myklebustneset.



Idrettshallen og idrettsbana.



Heime og hjå venner.



Merka mange fine stadar rundt om i kommunen og heime hjå seg sjølv.



Skulevegen mellom Hyllestad og Leirvik. Svingen inn til Lølandsneset. Mangel på autovern.



Mangel på gatelys: Øvre Heggebøen og Nesvegen.

Oppsummering

Etter registreringa i kartløysinga hadde vi ei felles gjennomgang og oppsummering av både verktøybruken og det som var registrert.

5. klasse

Verktøyet og registreringa:

- Det var utfordrande å teikne vegane på skjerm.
- Vanskeleg i starten og det tok litt tid før dei forstod korleis verktøyet fungerte.



Gode stadar:

- Skulen og venner.
- Klatreparken.
- Fotballbana.
- Hamneparken.
- Der dei bur og der vennane deira bur.
- Heggebøneset.



Dårlege/utrygge stadar:

- Bilar som køyrer fort.
- Svingen på vegen ved Heggebøen, skog tett inntil.
- Kolgrovvegen er glatt om vinteren.

6.-7. klasse

Verktøyet og registreringa:

- Irriterande å registrere vegar, særleg i svingane.
- Vanskeleg i starten, spesielt å zoome inn og ut.
- Enkelt å forstå når dei først kom i gang.



Gode stadar:

- Hyllestadhallen.
- Fotballbana.
- Heggebøstranda for bading.
- Hamneparken.
- Kroa/Hotel Sognefjord.
- Bensinstasjonen.
- Biblioteket.
- Fleirbrukshuset.



Dårlege/utrygge stadar:

- Bilar som køyrer fort forbi Spar.
- Mørke og tronge svingar.
- Dårleg belysning langs vegane der folk bur.
- Bekmørkt i ein sving på veg opp mot Øvre Heggebøen.
- Dårlege vegar, særleg der få eller ingen bur.

Intressante funn frå gjennomføringa



- Mange tilbakemeldingar om boss på idrettsbana.
- Få nemner biblioteket i kartløysinga, men mange kommenterte det verbalt etter registreringa.
- Ingen nemner arrangement som Sognefjordfestivalen, Sommarmoro eller Kvernsteinsmarknaden, men fokuserer i staden på kvardagsaktivitetar og stader i sitt eige nærmiljø.
- Borna er merksame på utrygge stader i kommunen og fleire peikar på at bilar køyrer for fort, spesielt i krysset til Svartedalen.
- Få innspel om ønskje.
- BUA er ikkje nemnd i det heile.



- Likar eksisterande møteplassar i nærleiken av skulen og i sitt eige nærområde.
- Etablerte møteplassar vert brukt og sett pris på.
- Fleirbrukshallen og idrettsbana er mykje brukt som møteplass.
- Eit klart fleirtal av registreringane er positive og handlar om aktivitetar som borna opplever som kjekke og verdifulle i kvardagen.



*Rapport utarbeidd og framstilt av
Idar Førde Blom & Linnéa Holsen Meier
på vegne av Hyllestad kommune*

27.02.2026

BARNETRÅKK

